

Utdrag frå "Hordaland" 22.02.11

Brukar du intuisjon eller analyse?

Er magekjensla eller fakta det beste grunnlaget for avgjersler? Temaet vert luftig debattert når EKY kompetanse inviterer til foredrag med Gisle Henden.

Henden er MBM og dr. oecon innan strategi og leiing, med hovudfag i filosofi og statsvitskap, og har gjennomført ei doktorgradsavhandling om intuisjon og rasjonalitet hjå norske toppleiarar. Dette dannar bakteppet for foredraget «Intuisjon eller analyse...?» som vil passa for svært mange, trur tilskipar Eli Karin Yndestad. Ho inviterer igjen til ope arrangement, som finn stad på Park Hotell Vossevangen torsdag 3. mars.

– Me hadde over 100 på vårt føre opne foredrag med Marco Elsa-fadi. Foredraget passa for mange, og det trur eg dette vil gjera også. Henden koplår saman ulike fagområde, og ser spennande samanhengar, fortel Yndestad.



INTUISJON: Gisle Henden held foredrag om kva intuisjon er og korleis me utviklar han.

Tema i foredraget er kva intuisjon er, og korleis me kan utvikla han. Kva bidrag kan intuisjonen gje i arbeidet med leiing av bedrifter og leiing av vårt eige liv? Og: finst det fallgruver som me må vera merksame på?

Yndestad driv leiarnettverket Cri-

bellum i Bergen og nettverket Columna på Voss. Henden har halde dette foredraget i nettverket i Bergen.

– Det var veldig interessant, og derfor ville eg få han til Voss også.

Henden tek for seg korleis me tek strategiske val basert på framsyn.

– Han har kunnskapar innan både strategi og leiing, og filosofi og statsvitskap. Mange er anten jordnære eller litt «oppe i det blå», men Henden klarar å trekkja trådane saman, og det er veldig interessant, seier Yndestad.

Ho siterer Trond Mohn den dagen han gav 10 millionar til Litteraturhuset sist veke: «Vi kan ikke være død frå nakken og opp, vil må ha litt andre verdier her i livet!»

– Det er derfor Gisle Henden kjem til Voss, for å gje oss litt påfyll frå nakken og opp! seier ho.

GEIR GEITLE | tekst
gg@avisa-hordaland.no